



Keipane kystlag v/ Elin Madell  
5938 SÆBØVÅGEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 17/296 - 17/6025

Saksbehandlar:  
Bente Kopperdal Hervik  
bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:  
09.05.2017

## Søknad om aktivitets- og prosjekttilskot

Viser til søknad datert 4. april om støtte til Streif-arrangement i Sæbøvågen.

Radøy kommune sine retningslinjer for kulturmidlar seier at prosjekt- og aktivitetsstøtte kan gjevast til opne kulturarrangement og -prosjekt, og til innkjøp av utstyr. Arrangement og prosjekt som er nyskapande, vert prioriterte. Tilskotet er behovsprøvd.

Streif-arrangementet er eit stort og flott arrangement som samlar folk i alle aldrar. Då Keipane kystlag har arrangert Streif i mange år, er tiltaket såleis å sjå som del av den årlege drifta. Dette er noko laget får tilskot til gjennom driftsmidlane. Kommunen kan likevel gje tilskot til årlege arrangement dersom dei inneheld nyskapande element. Dette kan me ikkje sjå at årets arrangement inneheld. Budsjettet viser at arrangementet går i pluss utan kommunal støtte.

På bakgrunn av dette finn me ikkje å kunna gje prosjekt- og aktivitetsstøtte til Streif 2017.

Me beklager at det tok lang tid før de fekk svar på søknaden!

Med helsing

Anne Dahle Austrheim  
leiar kultur- og sørvistorget

Bente Kopperdal Hervik  
rådgjevar kultur

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Vedlegg:

Melding om rett til å klaga på eit forvaltningsvedtak

**Mottakarar:**

Keipane kystlag v/ Elin Madell

5938

SÆBØVÅGEN